

## MDG kåra til beste parti for natur og friluftsliv

Mange vel å gå ein tur i skogen eller på fjellet for å oppleva stilla og roa i naturen. I eit samfunn der alt går raskare og raskare, er eg overtydd om at naturopplevingar vil bli ei endå viktigare motvekt til dyre fritidsaktivitetar. Det kostar ikkje noko å gå ein tur i naturen, men gevinsten for kropp og sjel er uvurderleg.

I Kvinnherad har vi ein fantastisk nærleik til naturen. Og naturen er ein viktig grunn til at eg har engasjert meg i Miljøpartiet Dei Grøne.

Naturen er stor og mektig, og i alle tider har menneske følt seg små i møte med naturen. Så små har vi følt oss at vi har trudd at våre handlingar ikkje kan påverka naturen. Vi har trudd at den tåler det vi gjer, sjølv om vi byggjer ned ei myr her, legg ein motorvei der, eller ikkje tar hand om plasten vi får med på kjøpet når vi handlar.

Men dette er feil. Gjennom åra har vi gjort så mange små inngrep at konsekvensane har blitt enorme. Naturen i verda er no i krise, og det er i dag 60 prosent færre ville dyr i verda enn det var for 50 år siden. Vi har pøsa ut så mange millionar tonn klimagassar at endringane kjem raskt, for raskt til at naturen klarer å hengja med. Skal vi greia å snu denne utviklinga og ta vare på det biologiske mangfaldet, er vi heilt avhengige av å få fleire menneske til å forstå kva som står på spel.

Eg trur den beste måten å få det til på, er å gå på tur og setja pris på friluftsliv og naturopplevingar. Då forstår ein fort verdien av å verna naturen rundt seg. Difor kjempar vi i MDG for å verna natur, insekt og dyr slik at også borna våre skal få storslåtte friluftsopplevingar.

Nyleg vart Miljøpartiet Dei Grøne kåra til "folkets friluftsparti" i ei undersøking gjort av Norsk Friluftsliv. 32 prosent av dei spurde i ei landsomfattande spørjeundersøking meiner MDG er best på å fremja natur- og friluftsliv.

Ønskjer alle eit godt val!

*Jostein Saghaug*

*MDG - Miljøpartiet Dei Grøne - Kvinnherad*